

FLORA TURLAG

Postboks 365

6901 FLORØ

LAGSLOV

I AVGRENSING

§ 1 Flora Turlag er et medlemslag i Sogn og Fjordane Turlag som er tilslutta Den Norske Turistforening.

§ 2 Flora Turlag utøver sitt arbeid i Flora Kommune og tilliggande fjellområde, særleg Ålfotmassivet.

II FØREMÅL

§ 3 Flora Turlag skal arbeide for eit enkelt, aktivt, allsidig og naturvennleg friluftsliv og for sikring av friluftslivets natur- og kulturgrunnlag.

III MEDLEMER

§ 4 Medlemer er dei som har betalt årspengane.

IV LAGSSTYRING

§ 5 Det øvste styringsorganet i Flora Turlag er årsmøtet.

Alle medlemmer har forslags- og stemmerett og kan veljast til tillitsverv i alle ledd i organisasjonen frå det året dei fyller 15 år.

Det vert avvikla innan utgangen av november månad etter innkalling med 1 måneds varsel. Innkallinga kan lysast ut i lokalavisa.

Årsmøte skal handsama:

- 1) Godkjenne innkallinga
- 2) Godkjenne sakslista
- 3) Val av møteleiar
- 4) Val av 2 møtesekretærar.
- 5) Val av 2 til å skrive under protokollen.
- 6) Godkjenne årsmelding
- 7) Godkjenne rekneskap
- 8) Val av leiar - 1 år
 - Nestleiar og kasserer - 2 år
 - Sekretær og styremedlem - 2 år
 - 2 varamedlemmer - 1 år
 - Revisor - 1 år .
 - Utsendingar til Sogn og Fjordane Turlag sitt årsmøte.
 - Valkomite
- 9) Innkomne forslag
- 10) Godkjenne aktivitetsplan
- 11) Fastset losjiprisar

- 12) Fastset turavgift
- 13) Godkjenne budsjet
- 14) Avslutning

§ 6 Den jamnlege leiinga av Flora Turlag vert utøvd av eit styre samansett av leiar, nestleiar, kasserar, skrivar og styremedlem og varamedlemmer. For at vedtak skal vere gyldig - må minst tre styremedlemmer røysta for.

Leiar og kasseraren saman bind laget med underskrifta si.
Styret set opp nemnder og utval.

§ 7 Styret har det formelle drifts- og vedlikehaldsansvar for hytter og rutenett.
Hytte- og rutenettansvarleg for eigen arbeidsinstruks.

V ARBEIDSOPPGÅVER

§ 8 I tråd med § 3 skal Flora Turlag

- * skipe til fellesturar til fots og på ski.
- * varde ,merke og forbetre turruter
- * lære opp turleiarar
- * bygge ut og drive eit hyttenett i Ålfotmassivet.
- * drive aktivt informasjonsarbeide om Flora Turlag og Den Norske Turistforening.
- * Turlaget skal drive aktivt naturvernarbeid i saker som har tilknytting til friluftsliv.

Flora Turlag kan take på seg andre arbeidsoppgåver, evt. samarbeide med andre. Dette skjer då etter særlege planar og vedtak.

VI YMSE

§ 9 Saker som skal behandlast på årsmøte må være styre ihende 3 veker føre årsmøte. Saker som skal handsamast på årsmøtet må fyrst ha vore behandla i styret. Årsmøtesakene kan sendast ut til medlemmene. Årsmøtet gjer sine vedtak med vanleg fleirtal, med unntak av saker vedr. lovending og oppløysing.

§ 10 Valnemda skal ha tre medlemer. Det velgast 2 nye medlemmer kvart år. Nemda legg fram sitt forslag på årsmøtet. Forslag på kandidatar til styret må være valgkomiteen ihende 3 veker før årsmøtet.

§ 11 Omframt årsmøte vert kalla inn når minst 20 medlemmer krev det, eller når styret finn det naudsynt.

§ 12 Styret utnevner heiderlagsfolk og deler ut heidersteikn.

§ 13 Styret kan støyte ut medlemer som viser uverdigg framferd eller på annan måte skader laget.
Vedkommande kan anke avgjerda inn for årsmøtet.

§ 14 Flora Turlag kan oppløysast dersom det vert vedteke på eit årsmøte med ¾ fleirtal og på ny vedteke i eit omframt årsmøte som er innkalla med minst tre vekers varsel.
Laget sine midlar skal då overdragast til Sogn og Fjordane Turlag/Den Norske Turistforening til eit nytt turlag blir skip i Flora.

§ 15 Denne lagslova kan endrast berre etter vedtak på eit årsmøte. Slikt vedtak krev 2/3 fleirtal.

Lova vert sist endra 23.10.97 – endra 20.11.03